


HYRDINGEN

NR. 1

JANUAR 2010

ÅRGANG 52

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



O gjør min sjel hvit som nyfallen sne,
la blodet rense den synd du kan se!
Rens meg fra selviskhet, hovmot og tvil,
ren i ditt blod, la meg vinne ditt smil!

O, gjør min sjel hvit så som sne,
Frelser, hør min bønn, la ditt verk i meg skje!
Du som for meg led på korsets tre,
ofret ditt blod, rens meg hvit så som sne!
(song av Eliza Edmunds Hewitt)

*Giro for friviljuge bladpengar er innlagt i bladet.
Vi oppfordrar så mange som mogeleg å nytta denne.*

INNHALD:

Presten har ordet
side 2

Redaksjonspennen
side 3

*Tradisjonsrik
julefeiring i Vikebygd*
side 3

*Portrettet:
Nils Eidhammer*
side 4

*Om songen
" Kveldenes kveld"*
side 5

*Vikebygd sokneråd
2009 – 2011* side 5

*Kyrkja takkar Mary
for 19 år i teneste*
side 6

*Snøen skapte
utfordringar* side 6

*På leit etter ny
kyrkjetenar* side 6

*Stiller som
bøsseberarar* side 7

*Aktiv trusopplæring
i Vats* side 8

*Kyrkjetunskveldar
våren 2010* side 9

Orgelnytt side 9

Frå kyrkjeboka
side 11

Gudstenestar side 12



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland

Epost: hyrdingen.kyrkjeblad@vindafjord.kommune.no

Bladpengar/gåver til Hyrdingen

på konto: 3243 05 05202

Adr. 5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idè, Ølen

SOKNEPRESTANE:

Soknepresten i Ølen

Johannes Nedrelid, Eiotunet,

Pb. 60, 5588 Ølen

Tlf. 53 65 65 41 Fax 53 76 72 00

Privat 53 76 86 22

Epost: johannes.nedrelid@vindafjord.kommune.no

Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12

ons kl. 12.30-14

Soknepresten i Skjold

Skjold kyrkje, Pb. 6, 5574 Skjold

Tlf. 52 76 73 82 Fax 52 76 73 89

Kontortid: Tys 9-15

Ons og Tor 9-12

Sigrunn Hagen Arnesen

Tlf. 52 76 73 82, mobil 977 52 534

sigrunn.hagen.arnesen@vindafjord.kommune.no

Martin Ivar Arnesen

Tlf. 52 76 73 85, mobil 980 37 571

Epost: martin.ivar.arnesen@vindafjord.kommune.no

Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Kommunehuset,

Pb. 40, 5583 Vikedal.

Tlf. 53 65 56 17 - Fax 52 76 02 97

Kontortid: Tor 9-15

Prostiprest/fengselsprest:

Arild Markussen tlf. 53 65 56 16

Forværelse:

Marit Hegrenes tlf. 53 65 56 18

Mandag er prestane sin fridag.

Kyrkjevevja i Vindafjord

Inghart Lasse Tveit, Rådhuset Ølen

Tlf. 53 65 65 43 fax 53 65 65 66

Soknerådsleiarar:

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim

Vikedal: Anne Marie Reimers

Sandeid: Kari Vik Stuhaug

Vats: Arild Urdal

Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug

Bjoa: Trond Ove Alvseike

Vikebygd: Brit Nelly Tveit

Skjold: Elin Frøyland

Presten har ordet

Sigrunn Hagen Arnesen



2010 - Kva gjere me med det nya året?

Korleis vil dette året bli? Har eg ønsker og planar? Det gode liv, meininga med livet, leiter eg etter det mellom all reklame om slankare kropp og utsal av alle slags ting eg burde kjøpa nytt? Reklamen meiner eg treng ein forandring. Og midt oppi alt kjøpemas skrik bilete frå heile verda mot oss, frå Jordskjelvkatas-trofen i Haiti, frå krig og redsle i Afghanistan, til Afrikas millionar som leiter etter reint vatn.

Kirkens nødhjelp sin fasteaksjon vil blant anna fokusera på klimaendringane, på naturkatastrofer som alltid rammer dei fattige hardast. Dei når ut med hjelp i førebygging og i akutt fasane. Dei er tilstades som vår forlenging arm. Ta godt imot konfirman-tane når dei kjem på dørene 23.mars. Midt oppe i alt vondt og vanskeleg, fekk eg nettopp Bibelselskapet sitt blad Nytt om Bibelen i hendene. Fokus på Bibeldagen dette året var biblar til Cuba. Det skjer mykje po-sitivt og gledeleg som me kan vera med å støtta. Menneske ber om fleire biblar slik at dei sjølv kan får lesa Guds ord.

"Pastor Alberto leder en sterk kirke på Cuba, med stort behov for bi-bler. Kommunismens fall i Russland ble en radikal forandring for Cubas kristne. Kristendommen gikk fra å være forbudt den ene dagen til å være meningen med livet den neste, men vanlige mennesker på Cuba har ikke råd til en bibel. Tidligere var det slik at intelligente mennesker ikke skulle tro på Gud; det var be-traktet som noe mindreverdig, og de kristne ble sett ned på. I dag er dette helt annerledes. Men det er vanske-lig å få tak i nær sagt alle slags varer på Cuba. Og etterspørselen etter bi-bler og kristen litteratur er stor. Med

støtte fra andre lands bibelselskaper distribuerer Bibelkommissjonen i lan-det bibler ut til menighetene, som selger dem videre. En bibel selges for 10 pesos, det tilsvarer omtrent en daglønn for mange cubanere. Vær med og støtt de kristne cubanere med bibler!" Det Norske Bibelsel-skap.

Gledelige meldingar. Mange finn meining med livet. Livet i fellesskap med Jesus Kristus og med kvarandre i eit kristent fellesskap. Men det er ikkje bare på Cuba at ein er på leit etter meining med livet. Det er eit spørsmål som kanskje dei fleste kjem innom av og til. Kvifor lever eg her og har det så godt på mange vis, men er ikkje heilt fornøgd.

Kva gjer meining til livet ditt? - å vera frisk. - ha gode vener. - å vita at ein er elska. - at ein er verd noko. - at ein betyr noko for andre. Det goda livet som og gjer meining til livet, trur eg er å leva i samsvar Skaparen og med det Skaparen vil med oss: Å leva i fellesskap med han og å leva saman i kjærleik og fred med våre medmenneske. Å elska nesten vår som oss sjølve. Å vera opptatt av dei andres ve og vel og å vera opptatt av at fellesskapet mellom oss skulle vera godt og prega av Jesu sinnelag. La han vera vårt store førebilete i alt me seier og gjere!

"De skal elska kvarandre. Som eg har elska dykk, skal de elska kvaran-dre." (Joh 13,34)

Ha ein god vår i fellesskap med Gud din Skapar og med dine medmen-neske!

Sigrunn prest

Redaksjons- pennen



Av Steinar Skartland

Eit nytt ti-år har teke til. For folket på Haiti tok det nye året til med ei av dei verst tenkelege katastrofar. Fleire kraftige jordskjelv øydela hus og infrastruktur i det fattige landet.

Det er langt borte når vi ser på kartet, men likevel kjem dagleg direkte sendingar inn i stova vår på fjernsyn og radio. Ei tragedie som ingen kan seiast å vera ansvarleg for. Likevel bør alle i den rike verda gjera alt dei kan for å hjelpe dei som er råka. I kyrkjene våre vert dei tekne med i forbøn. Ekstra ordinære offer vert teke opp for å stø det hjelpearbeidet som t.d. Kirkens Nødhjelp står for. Kvar for oss er det lite vi kan gjera, men ved å gje pengar til hjelpeorganisasjonane som arbeider på Haiti kan vi setja dei i stand til å yta hjelp.

Samanlikna med den katastrofen som folket på Haiti står overfor, så vert våre eigne problem små. Være problem er avvik i vår velstand. Men likevel så kan vi ikkje lukka augene for at det også i vårt land er mykje naud og folk som lid. Nokre etter mange år med rusmisbruk.

Som ei kristen kyrkje er det vår tru og vår oppgave å vera til hjelp. Oppi dette er det litt sårt å høyra at det er organisasjonar som kritiserer t.d. Trygg Trafikk for å leggja minnesamvær til kyrkja. Har vi fått det så godt i vårt land at vi attpå til må angripa dei som vil hjelpe andre som er i sorg? Det er ikkje mogeleg å vera nøytral. Ein vil alltid stå på ei av sidene.

Så får vi akseptera at folk har ulik tru, men for kyrkja vil spørsmålet alltid vera å peika på vegen til Jesus. Han som sa: - Vil nokon saksøka deg og ta skjorta di, så lat han få kappa òg. Tvingar nokon deg til å følgja han éi mil, så gå to med han. Gjev til den som bed deg, og vend ikkje ryggen til den som vil låna av deg." (Matt. 5, 40-42)

Steinar Skartland

Tradisjonsrik julefeiring i Vikebygd

Av Steinar Skartland

Når vi feirar gudsteneste på juleafta i Vikebygd, då er bygda sitt eige musikkorps med. Dei framførte både eigne musikkstykke og spela til allsongen i kyrkja. 220 i alle aldrar hadde funne vegen til kyrkje klokka 16.00 på juleafta. Framme var juletreet pynta og ljosa tende. Det flotte treet var ei gåve frå Reidar Bjordal og vart i romjula flytta til bedehuset og brukt om igjen ved julefesten der 2. januar.

Lærer og tidlegare misjonær, Gunnar Norrenes, var gudstenesteleiar og tala over teksten frå juleevangeliet, Luk 2, 1-14.



Gitarist Helge Veastad

Etter talen fekk vi oppleva Helge Veastad som spela gitar i samklang med Arne Tveit på kyrkjeorgel. Jo, det var sanneleg ei fin gudsteneste og ein flott innleiing til julefeiringa som utover kvelden kunne halda fram i hus og heimar. Ved



Tonje og Line Hausberg Bjerga

utgangen stod Sunniva og Marta Tveit med offerposane og samla inn til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt: "Landsbygging på Madagaskar." Heile 6430 kroner kom det inn. Det takker me for.

Før var det mange juletreffar i bygda. I år var det berre ein på bedehuset. Her hadde Laurdagsklubben og Tripp Trapp stelt i stand og forventningsfulle born og vaksne trengde seg saman. Det vart fult med borda. Den minste var eit par veker og dei eldste hadde vore pensjonerte i mange år alt. Saman song dei julesongar, gjekk rundt juletreet og lydde til andakten som Kjersti Bjerga hadde. Dei to jentene, Line og Tonje, song to fine songar i lag, og så var det sjølvsagt både mat og utlodning. Under juletreet låg ein raud sekk. Mange lurte nok på kva det var i den, og etter bordverset fekk dei sjå. Her var godteposar til borna.

Det er kjekt å feira Jesus sin fødselsdag.

Bladpengar for Hyrdingen

Frivillig kontingent

Kyrkjebladet Hyrdingen kjem nå med sitt første nummer for 2010. Etter planen skal vi koma ut med 6 nummer i løpet av året. Bladet går gratis til alle husstandar i Vindafjord kommune og me har god grunn til å tru at mange les bladet og set pris på stoffet dei finn der. I tillegg går det til utflytta Vindafjordingar som bed om å få bladet tilsendt.

Nr	Materiell-frist	Utgj. dato
2	6.3.	25.3.
3	12.5	2.6
4	21.8.	9.9.
5	2.10.	21.10.
6	13.11.	2.12.

Kyrkjebladet Hyrdingen blir heilt og fullt finansiert av gåver og frivillige bladpengar. Som vanleg legg me derfor med ein bankgiro i dette første nummeret og oppfordra så mange som mogeleg å nytta den til ei gåve til drift av bladet. Me har vald å be om kr 250,- i frivillige bladpengar også i år, men som vanleg står det den einskilde fritt til å setja ein annan sum på bankgiroen.

Det er også mogeleg å senda inn stoff eller lysingar for aktiviteten i kyrkjer og bedehus i kommunen. Flg fristar er sett opp for resten av året.

PORTRETTE:

Nils Eidhammer

Av Jens Tveit

Nils Eidhammer er ingen ungdom lenger, men han er lett på foten der han kjem ut på trappa og seier: "Kom inn!". Han bed meg til bords, og let om at me får ta det på "mannfolkvis", for han er ikkje så svær til å pynta. Men det ser ut for at alt er under full kontroll, og kaffien og krumkakene smaka godt.

Nils er fødd og oppvaksen der han bur. Faren kjøpte eit plass under Sjurseike, og det er for det meste Nils som har dyrka opp jorda der.

Han fylte 90 år for 1 ½ år sidan, men nokon 90-års dag vart det ikkje feira, fortel Nils, for nett i dei dagane døydde Alvilde, kona hans. - "Me hadde det godt saman, og var førebudde på slutten", seier han. Eg spør korleis det er å vera åleine, og då kjem det roleg: "Me må godta det om det ikkje er gildt, - og det må gå seg til."



Nils fortel at mor hans fekk eit gamalt, lite orgel med ei stemme, og det la grunnen for musikkinteressa hans. Han er så godt som sjølvlernt, men seinare fekk han noko undervisning i Haugesund. Først hadde han timar hos Ingolf Stensnes, ein blind organist i Metodistkyrkja. Seinare spela han for organisten Matias Folgerø. Der fekk han også noko harmonilære.

I 1934 slutta Lindy Nesheim Hodne som organist i Vats.

"Då konfirmasjonsgudstenesta var slutt, leverte ho liturgiboka og andre noter til meg, og sa at eg fekk spela på nattverdsgudstenesta for konfirmantane dagen etterpå", fortel Nils. Slik tok organisttenesta til, det var ikkje snakk om noko tilsetjing .

I 1942 vart han tilsett som organist i Skjold kyrkje. - I allslags ver og føre sykla Nils til Vats og Skjold kvar gong det var preikesøndag. (I 1960 vart sykkeltenesta skifta ut med moped, og i 1966 vart det ennå lettare, for då fekk han bil).

I tillegg til Vats og Skjold, var han òg organist i Skjoldastraumen i 5 -6 år. Då fekk han fylgja presten frå Solheim.

Eg nemner noko om at det vart ikkje mange fri-søndagar då. "Det var nå så", seier han, "men alle gravferdene som var på arbeidsdagar!"

Det står stor respekt av den lange tenesta Nils hadde som organist.

Etter meir enn 50 år, i 1985, fekk han kongens fortjenestemedalje. - Heile 57 år gjekk det frå tok til å spela, og til han slutta!

Eg minnest at Anna Jøsendal var organist i Skjold, og spør kor det kjem inn.

Nils fortel at han hadde permisjon då han gjekk på Sand folkehøgskule 2 vintrar, og etterpå på hagebrukslina på Nedstrand jordbruksskule. "Då eg gjekk på Nedstrand, sykla eg ofte heim om helgane for å spela", seier han, "men då eg var vekke, vikarierte Anna Jøsendal for meg".

Han fortel at stolane me sit på, bordet og hjørneskåpet er noko som han laga på Sand. Både skåp og stolar har vakkert



utskorne dekorasjonar, og fortel om ein mann med godt handlag.

Nils kan meir enn spela orgel og piano. Han har også evne til å skapa nye melodiar, harmonisera og arrangera.

Birgit Veastad Helland frå Vikebygd har skrive mange dikt og songar. Ein av dei heiter "Det er sanning", med undertittel "Getsemane". Denne langfredagsteksten har Nils sett ein var, varm og litt sår tone til - den understrekar alvoret i teksten på forunderleg vis.

I Sjømannsmisjonen sitt julehefte, 1988, fann Nils eit vakkert dikt av Sigurd Engeset. Det byrjar slik: "Tida tek sine åre-tak". Her og har Nils laga ein melodi med arrangement som framhevar innhaldet i songen på ein svært vakker måte.

Petra Fleischer frå Vikedal var før til mangt. Ho har m.a. skrive ein flott julesong. Den òg har Nils funne tone til og arrangert for mannskor. - (Ola Vikedal skriv meir om dette annan stad i dette bladet.)

Dette er berre eit lite utval av dei mange tonar og harmoniseringar Nils har skapt.

Me samtalar litt om musikk, og eg spør kva han likar å lytta til.

"Det må vera noko av Bach, Händel, Mozart eller Beethoven " seier han. "Det er musikk for meg! -- Den moderne musikk har eg ikkje noko glede av".

Ennå i sitt 92 år er Nils Eidhammer aktiv. Han stiller opp og spelar når det er andaktar o.a. på sjukeheimen, og han spelar til songar i andre høve. - "Det går nå helst etter gammal vane", seier han med ein lur smil.

Han fortel at han tek det med ro og stressar ikkje. "Stort sett har eg gode dagar også nå når eg er åleine, men det var noko anna då me sat her begge to." -- "Me får vera som me er, og takka Gud for alt han gir, - og ikkje minst for alt me har i vente!" legg han til.

I samtalen spør eg om det er songar eller salmar han set spesielt pris på. "Det er vanskeleg å velja, for det er så mange gode, men "Jeg så ham som barn", er ein innhaldsrik og god song", seier denne lune mannen.

Kveldenes kveld

Det skymrer alt til kvelden, og klokkerne bær bud,
alt ånder helg og hygge, selv mørke, storm og slud.
På englevinge bløde flyr julen ned fra Gud,
Flyv hjerte dem i møde, bred dine vinger ud.

I hjemmene vi samles, og alle lys de bær,
i børns og voksnes øine, et kjærlighedens skjær.
Og til det fjerne, fjerne, fra hele himlens hær,
det er, som bag hver stjerne et englesmil vi ser.

Og endes julekvelden og lyset ned er brændt,
og gaverne er delte, er julen dog ei endt.
I hjertet ind den lukkes din gave Gud har sendt,
og aldrig, aldrig slukkes det lys, Han har oss tændt.

Petra Ulsaker.

Om songen ”Kveldenes kveld”

Av Ola Vikedal

Petra Fleischer er eit kjent namn i bygdene våre, i alle fall for dei som har levd ei stund. Ho var dotter av John S. Ulsaker som var sokneprest i Vikedal prestegjeld i om lag 30 år. Petra vart seinare gift med Andreas Fleischer, misjonær, prest og til sist biskop i Bjørgvin bispedøme. Som pensjonistar bygde dei seg hus i Vikedal og budde der.

Petra vaks altså opp i prestegarden i Vikedal, og ho blei tidleg kjend som ei aktiv og myndig dame, og i 20-års alderen tok ho såleis initiativ til å stifte eit ungdomslag, eller ungdomsforening som dei gjerne sa i den tida. Storparten av medlemene var frå Mo, og det var og der, på det gamle skulehuset, dei hadde møtene og festane sine. Det var nokså vanleg på den tida at slike lag hadde si eiga handskriven lagsavis, og slik var det og her. ”Dalbuen” heitte avisa. For nokre år sidan gjekk eg gjennom denne avisa, og der fann eg i julenummeret 1904 ein julesong som Petra hadde skrive. ”Kveldenes kveld” kalla ho songen. Eg skreiv av songen, og kom ein gong til å nemna dette for Nils Eidhammer, som tidlegare hadde arrangert nokre melodiar for koret vårt, ”Olagutane”. Nils tykte og det var ein fin tekst, så han fann ein melodi som han tykte passa, og arrangerte denne for mannskor. Såleis vart det til at me fekk ein lokal julesong på programmet vårt, som me har brukt nokre gonger nå, seinast denne siste jula. Dei fleste i koret hugsar godt Petra Fleischer, og tykkjer difor det er kjekt å ha ein song av henne på repertoaret.

Vikebygd sokneråd 2009 – 2011



Steinar Skartland, Ellen Skretteberg, Dag Hans Nagel-Alne, Johannes Nedreliid, Rolf Alne, Brit Nelly Ness Tveit og Berge Thomas Velde.

I tillegg kjem flg. varamenn:

Jenny Kristin Svendsbøe, Geir Mandius Vårvik, Marit Elise Erdal, Anna Marie Bjørnevik og Alfred Trovåg.

Soknerådet i Vikebygd er alt godt i gang med ein strategi og handlingsplan. Medlemmene i soknerådet har valt å jobbe i nemnder der dei har eit særleg engasjement. Me vil i denne perioden satse særleg på diakoni og trusopplæring. I tillegg har nokre valt å jobbe i ei song- og musikk nemnd. Me håpar dette skal vera med å styrke song og musikk både i gudstenestene og i bygda elles. Kanskje me får ein flott bygde-konsert til hausten?

Vikebygd har i ei kyrkje som treng vedlikehald. Me har satt ned ein komité som vil jobbe med at me skal nå målet med å ha kyrkja i god stand til 75 års jubileet i 2012. For å få dette til vil me ha trong for eit økonomisk løft, men me er og heilt avhengige av, og må motivere for å samle dugnadskreftene i bygda. Som leiar ser eg fram til perioden. Me er eit sokneråd med godt engasjement der medlemmene tek på seg ansvar og har tankar og idear om arbeidet.

Brit Nelly Ness Tveit,
Leiar i Vikebygd sokneråd

Kyrkja takkar Mary for 19 år i teneste

Av Steinar Skartland

Mary Tindeland har vore ein trufast medarbeidar i Vikebygd kyrkje frå ho tok til som kyrkjetenar i 1991 til ho gjekk av i november 2009. Omlag 19 år stod ho i tenesta og hadde ansvaret for at kyrkja var i orden og klargjort til ulike kyrkjelege handlingar. Ved gravferder, bryllaup eller vanlege gudstenester så var det Mary som såg til at det var ljøs og varme, dørene opplåste og naudsynleg utstyr på plass og klar til bruk. Når klokkene ringde, så var det Mary sine hender som drog i snorene. –Det har vore lett å gjera denne tenesta, sa Mary. Ho likte seg i tenesta, men nå var det tid for å trappa ned på aktiviteten.



Inghart Lasse Tveit, Mary Tindeland og Johannes Nedrelid.

Hausten 2009 bad ho om å få avløyning frå tenesta. Det var bakgrunnen for at kyrkjevevje og dagleg leiar for kyrkjene i Vindafjord, Inghart Lasse Tveit, fekk ordet under gudstenesta i Vikebygd 17. januar. Han bad Mary Tindeland koma fram og heldt ein takketale der han roste

henne for eit godt samarbeid gjennom 19 år. Han avslutta talen med å overrekke ei gåve frå kyrkja. Også sokneprest Nedrelid knytta nokre gode minne og tankar til stunda. Soknerådet takka Mary i ei tidlegare gudsteneste.

Snøen skapte utfordringar for kyrkje og kyrkjegardar

Av Inghart Lasse Tveit, kyrkjevevje

Frå vêrvarslinga vert det sagt at det er 40 år sidan me hadde maken til snøvinter. Og maken til temperaturar er det også ei stund sidan ein har sett.

Dette medfører utfordringar på så mange plan - også for kyrkja. T.d. var det i Imsland 1 - 1,2 m snø på kyrkjegarden. Når det kom to gravferder dag etter dag under slike tilhøve så seier det seg sjølv at dette var ei stor oppgåve for både dei kyrkjeleg tilsette og den som står for opning og lukking av gravene.

Det har heldigvis ikkje vore aktuelt å avlysa gudstenester. Det har gjerne

vore temperaturar i lågaste laget her og der men likevel ikkje slik at det har vore naudsynleg med messefall. Frosne røyrrar i kyrkjer og bårhus har det også vore, men det er så langt ikkje meldt om vesentlege skadar som fylgje av dette.

Spørsmålet om brøyting inne på kyrkjegardane er blitt reist. Til dette er å svara at det sjølv sagt vert brøyta i samband med gravferder. Men brøyting inne på kyrkjegarden i samband med at publikum t.d. ynskjer å leggja på kransar til jul er nok uaktuelt. Med snømengder som dette og det store talet på kyrkjegardar som trass alt er i kommunen forbyr dette seg av seg sjølv. Dessutan er det fare for skade på gravminne under brøytinga.



I Vikebygd fraus vassrøyrar sund på toaletta i bårhuset. Takk til Agnar og Øystein som kom til og fekk stengd stoppekranen.

På leit etter ny kyrkjetenar

Sjølv om stillinga som kyrkjetenar i Vikebygd kyrkje berre er litt over 11%, så er det ein viktig funksjon som soknet nå saknar. Til tross for utlysing av stillingen og kunngjering i gudstenester, så har det ikkje meldt seg søkjarar.

Oppgåvene er ved gravferder, bryllaup, gudstenester o.l. å syta for ljøs, varme,

opplåsing, henge opp salmenummer på tavlene i kyrkja, setje fram utstyr som skal nyttast og rydde etterpå, ringe med klokkene og andre enklare praktiske oppgåver for å førebu kyrkja og tilsyn med denne. Saman med prest, organist og klokkar har kyrkjetenaren ei vaktteneste under gudstenesta om det skulle oppstå brann eller ulykke.

Årleg er det om lag 15-16 gudstenester, 5-10 gravferder, 2-4 brudlaup.

Oppfordringa går nå til deg som les dette: Kan du tenkja deg å verta kyrkjetenar i Vikebygd? Ta i så fall kontakt med enten kyrkjevevja, Inghart Lasse Tveit, eller soknerådsleiar Brit Nelly N. Tveit.

Konfirmantane våre stiller som bøsseberarar under Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon

Tysdag 23. mars går konfirmanter, unge og vaksne frå kyrkjelydane i Vindafjord med bøsse. Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon 2010 set søkjet lyset på fattige menneske i møte med flaum, tørke og ekstremvær.

Fattige i møte med ekstremvær

Ei haustnatt i 2007 vart familien Tran i Vietnam vekt av at vatnet steig og steig inne i huset deira. Mamma Tran Thi Thu Thuy, pappa Tran Viet Dung og dei fem barna deira måtte flykte frå heimen sin i hui og hast.

– Vatnet kom så fort, og eg vart veldig redd, fortel den eldste dottera, Trinh. Faren i familien tenkte berre på éin ting: å redde barna sine. Han kom seg ut i vatnet og førte familien til ein trygg stad, ut av huset og til eit område som ligg høgare. Familien Tran overlevde, men heimen deira vart øydelagd og dei mista mange av egedelane sine. I to månader, medan dei venta på at vatnet skulle søkke igjen, måtte dei bu i eit skur av plast og bambus. Mat, reint vatn og helsa til barna vart noko dei måtte uroe seg for i det daglege.

— Det var ei vanskeleg tid for oss, fortel Thuy. – Barna var små, og eg var svært uroleg. Vi hadde ikkje mat, og eg måtte låne ris av naboen. I to månader åt vi ikkje anna enn ris med krydder, seier fembarnsmora.



Tran Thi Thun Kim (5) viser korleis familien kan klatre opp på hemsen når flaumen råkar.

Trygg hems

Forskarane meiner at vi som resultat av global oppvarming, må forventa meir nedbør og flaum. I 2007 kom éin meter med vatn, som vart ståande i to månader. Det er uvanleg, stadfestar Dung. Som éin av mange familiar i Vietnam har familien Tran nå fått stønad av Kirkens Nødhjelp til å byggje eit nytt og flaumsikkert hus i mur og betong. I stova er det ein hems i taket. Her kan familien lagre matvarer,

og når vatnet stig på ny, er vegen kort til ein trygg stad.

Jordskjelkatastrofe på Haiti

Den siste tida er vi blitt godt orienterte om den forferdelege jordskjelvkatastrofa som har råka Haiti. Kirkens Nødhjelp er ein av hjelpeorganisasjonane som tidleg kom på banen for å hjelpe det kriseramma folket. Den beste måten vi kan setja dei i stand til å hjelpe er å gje pengegaver. Dette får du også høve til når konfirmanter kjem rundt med bøsse.

Konfirmantane kjem med bøsse 23. mars.

Ta godt imot konfirmanter som kjem med bøsse 23. mars. Du kan også støtte aksjonen gjennom givartelefon: 820 44 088 (200 kroner) eller via kontonummer 1594 22 87493.

Kva går pengane til?

Menneske i fattige land står i fare for å miste alt når katastrofen råkar. Derfor går pengar frå fasteaksjonen i år mellom anna til å gjere fattige og sårbare betre rusta til å møte eit meir ekstremt vær, som for eksempel flaum og tørke. I flaumutsette område i Vietnam inneber det mellom anna at familiar kan få støtte til å byggje flaumsikre hus. I Kenya, som ofte blir råka av tørke, støttar Kirkens Nødhjelp mellom anna prosjekt der regnvatn blir samla og lagra til tørre periodar.



Vi sest 23. mars!

(noen lokale variasjoner)

Naturkatastrofar råkar alltid dei fattige hardest. Innsatsen vår den 23. mars kan redde liv neste gong katastrofen råkar.

Støtt aksjonen!
Givartelefon 820 43 033 (100kr)
Kontonummer 1594.22.87493



KIRKENS NØDHJELP-
AKSJONEN // 2010

AKTIV TRUSOPPLÆRING I VATS

Av Frode Eike

DÅPSKONTAKTAR (1 - 3 ÅR)

Dei døypte og foreldra deira får tilbod om besøk på dåpsdagen av frivillige i kyrkjelyden dei 3 fyrste åra etter dåpen. Kyrkjelyden har kjøpt inn bilete, bøker og cd'ar som vart gitt ved desse besøka. Dette er det fyrste tilbodet kyrkjelyden har til dei nye medlemma, og nær 100% av dåpsfamiliene har takka ja til desse besøka.

SØNDAGSKULEN (FRÅ CA 2 ÅR OG OPPOVER)
Søndagsskulen samlast dei søndagane det ikkje er gudsteneste i bygda, dvs annakvar søndag. Samlingane er på Kårhus bedehus og startar kl 11. Borna vert delt i to alderstrinn, der born t.o.m 2. klasse samlast i første etasje og f.o.m 3. klasse på loftet (S-ringen). Timen er innhaldsrik, og borna får med seg mykje song, bibelforteljingar, aktiviteter og lek.

SPEIDAREN OG SMÅSPEIDARANE

(FRÅ 7 ÅR OG OPPOVER)

Speidararbeidet i bygda er inndelt i to grupper: Speidarane og småspeidarane. Småspeidarane samlast i kjellaren på Eikanesstranda bedehus kl 18.00 på tirsdagar. Dei er inndelt i "Oppdagerar" (2. og 3.kl) og "Stifinnerar" (4. og 5.kl). Speidarane møtest som oftast i kjellaren på Øvre Vats bedehus kl 19.00 på onsdagar. Speidaraktivitetene er varierte og mange. Skiturar, overnatting i telt og lavo, orreleik, kanopadling, konkurransar og landsleir saman med mange tusen speidarar er noko av det ein får oppleve som speidar.

BARNEKORET "MINIKLANG"

(FRÅ 4 OG OPPOVER)

Barnekoret "Miniklang" er for alle jenter og gutar som er glad i å synge. Øving på Kårhus bedehus anna kvar torsdag frå kl 17.00 til 18.00. Du kan begynne om hausten det året du fyller 4 år. I tillegg til synginga blir det som oftast tid til ei lita fruktstund og ein lek før øvingstimen er over. Barnekoret deltek frå tid til annan med sin friske song på basarar, gudstenestar oa.

LOFTET (FRÅ 10 ÅR OG OPPOVER)

"Loftet" er for gutar og jenter frå 5.kl og oppover. Aktivitetsklubben starta opp for eit år sidan og er vel motatt. 30 - 50



Søndagsskuleaktivitet i Vats.

aktive unge møter trufast opp til kvar samling. Dei treffes på fredagane på loftet på Kårhus bedehus kl 19- 22.30. Der er det andakt, sal av varm mat, brus og snop + div. aktivitet som bordtennis, playstation, singstar, airhockey, brettspel og biljard.

GUTALAG (FRÅ 9 ÅR OG OPPOVER)

Gutane samlast på loftet på Kårhus bedehus annakvar torsd. kl 18 - 19.30. Aktiviteten er frå og med 4. klasse og oppover. Gutalaget er tilslutta Misjonssambandet. Dei mange gutane som møter opp får utfolda seg på snekkerrommet, og lagar alt frå fuglakassar, knivskaft og andre spennande gjenstandar av tre. Mat, song og andakt høyrer også med.

11-ÅRS FASEN (11 ÅR)

Kyrkjelyden inviterar 11-åringane til å motta konfirmanbibelen. Dei får også undervisning i bibelen gjennom samlingar kalla "Vandring gjennom bibelen".

Weekend for 11-åringane har også vorte eit attraktivt tilbod. Her møter dei jevnaldrande frå fleire nabobygder til ei aktiv helg med aktiviteter, bibelundervisning og underholdning.

Dei siste to åra har kyrkjelyden også arrangert "Lys våken". Her inviterast 11-åringane til å overnatte i kyrkja 1. søndag i advent. Kvelden er og natta inneheldt alt frå god mat, mykje song, andakt, aktiviteter og vandring i kyrkjetårnet kl 24.00!



KONFIRMANTARBEID (14 ÅR)

Konfirmanntida er for dei fleste eit minne for livet! Undervisninga er på kveldstid og blir delt opp i 3 økter: undervisning, mat/ pause og gruppesamling. I tillegg får konfirmantane gjennom året tilbod om å vera med på weekend, dagstur til Bru, fasteaksjon, Road-service samling, fotballcup mm.

GENERASJONGUDSTENESTE OG BARNAS KYRKJESTUND (FRÅ 0 ÅR OG OPPOVER)

Dei siste åra har 2-3 av gudstenestane i kvart semester fått namnet "Generasjonsgudsteneste". Tanken her er å tilrettelegga gudstenesta slik at alle generasjonar kan finna seg til rette. Under deler av gudstenesta får borna tilbod om å vera med på eige tilrettelagt opplegg. Gudstenestane har ofte eit tema, og ein prøver å trekka inn fleire frivillige i gjennomføringa av gudstenestane.

FEEDBACK (FRÅ 13 ÅR OG OPPOVER)

Feedback har gjennom mange år tilbudd ungdommar frå heile distriktet ein felles møtestad. Ein fredagskveld på Feedback kan innehalda alt frå mekking, scapbooking, matlaging, snekkring, kor og kiosksal i tillegg til ei felles samling med underholdning, song og andakt.

KYRKJETUNSKVELDAR VÅREN 2010

Eg trur at mange av oss har eit bilete av Gud som er farga frå forskjellige retningar og miljø. Korleis er Gud er han snill, er han streng, er han nær, er han fjern, er han godsleg, eller fråverande, kva seier Bibelen om Gud, og kva seier særleg det nye testamentet om Gud.

Dette teamet vil vi ta opp særleg på den første av dei kyrkjetunskveldane, og det vil så bli knytta vidare til å kunne lytte til Gud, vere stille. Kan de å be berre innehalde å vere lyttande til Gud.

I vår tid så merkar vi fleire og fleire som trekker seg tilbake til stillhet og ro. Ei form for dette er retreat ei anna form er pilgrimsvandring.

Sist haust når vi var på pilgrimsvandring i Frankrike overnatta vi på ein gard som dreiv med utleige og eigaren der kommenterte at dei pilgrimsvandrarane som hadde budd der kom særleg frå Noreg. Eg trur fleire og fleire synest det er godt å trekke seg litt tilbake frå jaget og stresset av og til. Vi vil ta opp litt av dette på ein av kveldane.

Vi vil også legge opp til ein kveld med stille kveld i kyrkja der vi avsluttar med kveldsbøn etter mønster frå dei gamle tidebøntradisjonane som har levd i kyrkja vår heilt sidan ørkenferdene i Egypt på slutten av 200-talet. Denne kvelden vil vi starte med eit måltid på Kyrkjetunet før vi avsluttar med stille kveld og kveldsbøn i kyrkja.

Når ein trekker seg litt tilbake til stillheit og ro så lærer ein betre seg sjølv å kjenne både på godt og vondt, og det mange opplever er nettopp dette at gjennom å



Kyrkjetunet i Ølen.

kjenne seg sjølv betre, så lærer ein også betre Gud å kjenne. Dette oppdaga allereie dei første kyrkjefedrane våre som Augustin. Siste kvelden vil vi ha som tema å kjenne Gud og kjenne seg sjølv.

Desse kveldane er både til kropp og sjel. Vi startar med ei innleiing/bibeltid, før vi har eit måltid i lag. Etter måltidet er det høve til å stille spørsmål og samtale om temaet. Tidsramma er ca 1 ½ time.

Den stille kvelden startar vi som nemnt med måltid.

Desse kveldane er for alle, ein treng ikkje vere erfaren kyrkjevandrar. Eg trur vi alle har tankar om Gud og gudsbiletet og vi vil også snakke om og ofte ta utgangspunkt i erfaringa vår, for der er mykje rikt å hente også for trua vår.

Hjerteleg velkomen til kyrkjetunskvel-

dar denne våren. Hyrdingen kjem nok ut etter at første kvelden har vore, men for heilskapen tek eg med heile programmet for kyrkjetunskveldane.

Tema og tidspunkt for kyrkjelydskveldane er slik:

Torsdag 28. januar "Du er ein Gud som ser" Korleis ser vi på Gud. Gudsbildet vårt.

- Torsdag 18. februar "Bøn-stillhet-lytting og samtale med Gud
- Torsdag 18. mars - Stille kveld i kyrkja. Avslutning med samtale og kveldsbøn
- Torsdag 8. april
" Å kjenne Gud og å kjenne oss sjølve"

Tidsramma er frå kl. 19.30 - 21.00

Johannes Nedrelid, Sokneprest i Ølen

Orgelnytt !

Det nye orgelet til Skjold Kyrkje er bestilt frå Orgelbyggjar Carsten Lund i Danmark. Hovudverket er på 20 stemmer. Prisen er på DKK 3.016.650 + mva. (ein del meir i norske kr). Me har vore i kontakt med orgelkonsulent Bjørn Boysen. Arbeidet er godt i gong og i mars mnd. vil orgelbyggjar Carsten Lund ta til med produksjonen. Det er mykje som skal på plass, **men 1.søndag i advent 2010 skal alt vera klart.**

Me har fått tilbod om ei 16"-stemme i tillegg til "Hovudverket". Klarer me å finansiere den er det verd pengane. Ei

slik stemme vil ha stor betyding for prosjektet i Skjold. Den vil gi mykje betre samlande klang til orgelet. Ved montering av denne ekstra stemma, har me høve til å byggja ut orgelet om det skulle bli ønskje om det seinare.

Denne ekstra 16"-stemma kostar DKK 200.000 + mva. Orgelnemnda hadde møte 16.des.09 og drøfta finansiering av ekstra stemma. **Vedtak: Orgelnemnda tek på seg ansvaret for finansiering av ekstra stemme.** Innsamla midlar er nå kome opp i kr.1.435.910. "Kjempeflott". Orgelkontoen aukar stadig vekk. Før jul fekk me ei fin pengegave frå ein utflytta Skjoldabu på kr.5.000,-.

Orgelnemnda vil rette ei stor takk til dykk alle.

Kontonr. til Orgelkontoen er:

3243.05.05709.

Vindafjord Kommune har kr. 1.500.000,- med i sitt budsjett, og me håpar at me skal unngå å ta opp lån til fullfinansiering. **Skjold Kyrkje er ei framifrå flott kulturkyrkje.** Med orgelet som er bestilt + ekstra stemme, blir ho ei av dei beste på heile Haugalandet.

For Orgelnemnda i Skjold,
Liv H. Svendsen

LAG OG FOREININGAR - MØTE OG SAMKOME

Det er lov å bry seg!

Som telefonvakt hos Kirkens SOS kan du bidra til at andre får det bedre, samtidig som du får perspektiv på livet.



Vi trenger flere til vaktrom Haugalandet!

Vaktrommet ligger på Norheim.

Vi søker kvinner og menn over 20 år som selv ikke er i en aktiv krise, har tid til å bry seg og lyst til å utvikle seg.

Innføringskurs for frivillige telefonvakter starter onsdag 3. mars 2010 kl. 18 - 21.

Kontakt Kirkens SOS i Rogaland 51 88 45 15 / 971 70 995

e-post: rogaland@kirkens-sos.no

www.kirkens-sos.no



Kirkens SOS

*Velkommen til
Lundeneset*

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg. Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon, Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

LES MER PÅ LVS.NO

LUNDENESET VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg. Vi er en del av NLM vgs. LUNDENESET VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg. Vi er en del av NLM vgs. LUNDENESET VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg. Vi er en del av NLM vgs.

Knapphus BILAS



5576 Øvre Vats
Tlf. 52 76 73 10

Knapphus BILVERKSTED



5576 Øvre Vats
Telefon: 52 76 73 12

SpareBank 1 SR-Bank

Avd.: Ølen Avd: Vats Telefon 02002

Program For Vågen bedehus våren 2010

FEBRUAR:

Fredag 5. - søndag 7.02:	Møtehelg v/Indremisjonen
Onsdag 10.02	Bønnemøte
Laurdag 13.02	Songmøte på Kyrkjjetunet
Søndag 14.02	Misjonskveld NLM, Kyrkjjetunet
Onsdag 17.02	Basar Sjømannsmisjonen.
Søndag 21.02	Søndagsmøte

MARS :

Onsdag 3. - søndag 7.03	Møteveke NLM.
Onsdag 10.03	Basar, Indremisjonen.
Søndag 14.03	Søndagsmøte
Onsdag 17.03	Bønnemøte
Fredag 19.03	Russebasar på Lundeneset.
Onsdag 24. - søndag 28.03	Møteveke ved evangelist Steinar Harila.

APRIL :

Søndag 4.04	1. påskedagsmøte v/Frelsesarmeen.
-------------	-----------------------------------

ÅRSMØTE FOR VÅGEN BEDEHUS.

Søndag 17. jan. var det årsmøte for arbeidsåret 2009 på Vågen bedehus. 30 stk var møtt fram. Møtedel og årsmøte vart leia av formannen, Oskar Feed. Karl Einar Tvedt hadde andakt.

Vi minnst dei som hadde gått bort siste året.

Valg av nytt styre gav dette resultat. Oskar Feed (gjenvald) held fram som formann.

Elles med i styret Eivind Hetland, Målfrid Berge, Gurine Fosse (gjenvald), og Håvard Brekkå (ny). Som Varafolk blei Mette Voll (ny), Geir Ivesdal, og Sverre Vågen valde.

Det var eit positivt og godt årsmøte.

www.vaagenbedehus.no

Oskar Feed

joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01

E-post: joker.vikebygd@ngbutikk.net



Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61

Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80



KYRKJETUNET
ØLEN BEDEHUS OG KYRKJELDSSENTER

www.kyrkjetunet.no

PROGRAM FOR VÅREN 2010

Februar-10

Torsdag 4.	kl.11.00	Torsdagstreff
Torsdag 4.	kl.19.00	Kvinneforum
Torsdag 11.	kl.10.30	Tripp Trapp
Laurdag 13.	kl.17.00?	Konsert
Søndag 14.	kl.19.30	Misjonskveld v/misjonær Jostein Skartveit, NLM
Tysdag 16.	kl.17.30	Barnekor
Tysdag 16.	kl.18.30	Klubb
Torsdag 18.	kl.19.30	Kyrkjetunkveld v/ Johannes Nedrelid
Søndag 28.	kl.16.00	F-16

Mars-10

Tysdag 2.	kl.17.30	Barnekor
Tysdag 2.	kl.18.30	Klubb
Torsdag 4.	kl.11.00	Torsdagstreff
Torsdag 4.	kl.19.30	Møte, NMS
Søndag 7.	kl.19.30	Årsmøte Kyrkjetunet
Torsdag 11.	kl.10.30	Tripp Trapp
Tysdag 16.	kl.17.30	Barnekor
Tysdag 16.	kl.18.30	Klubb
Torsdag 18.	kl.19.30	Stille kveld v/Johannes Nedrelid
Søndag 21.	kl.16.00	F-16
Søndag 28.	kl.19.30	Møte v/Georg Mork, NLM

FRÅ KYRKJEBOKA

ØLEN

Døpt i Ølen

Ine Mosaker Hundhammer
Lucas Elander Espenes
Christian Eikesdal
Lise Marie Steinsvik Hundhammer

VIKEBYGD:

Døpt i Vikebygd

Leona Langhelle Vik

VIKEDAL

Døde:

11.11. Margit Opsal f.1917

IMSLAND

Døpte:

21.11. Karoline Staurland
22.11. Emma Hustveit

Vigde:

21.11. Ingunn-Marie Hustveit og Rune Staurland

Døde:

15.12. Øystein Bratteland f.1922
17.12. Lars Rønnevik f.1918
09.01. Sigrid Johanne Aksland f.1918

SANDEID

Døpte:

20.12. Markus Grønnestad-Lunde

Døde:

07.11. Eldrid Gurine Furseth f.1919
13.11. Karine Konstanse Sele f.1929
29.11. Stian Nerheim Sæbø f.1980
11.12. Karl Amandus Hustvedt f.1921

Årsmøte i Skjold kyrkjelyd

Det vert årsmøte i Skjold kyrkjelyd søndag 14.mars kl.19.00. Det er gudsteneste(G17) kl.17.00 og kveldsmat kl.18.30. *Velkommen! Skjold sokneråd.*

Vikebygd bedehus

04. febr. Møte v. T. Steinsland, Indremisj.
14. febr. Familiemøte m/laurdagsklubben
04. mars Gladsong
11. mars Ope samarbeidmøte kyrkja / bedeh.
Laurdagsklubben
30. jan., 27. febr. og 27. mars. Kl 15.30
Tripp-Trapp
22 febr. og 12. mars. Kl 11.00

Bjoa kyrkje

Open kyrkje. Musikk, stille stund, Kl. 19.30 – 20.30. Onsdagar i oddetalsveker
Barnekoret øving: torsdagar i oddetalsveker.

Innbjoa bedehus

Møte onsdagar i partalsveker, kl 19.30.
Bøn kl 19.00.
Credo 4. – 7. klasse, torsdagar i oddetalsveker
kl 18.30 – 19.30

Husfellesskap hos Solveig og Trond Alvseike
annakvar tysdag frå 09. febr.

Kårhus bedehus

Måndag 15. februar. Årsmøte kl.19.30

Bedehusbasar

Fredag 12. mars. Andakt v/ Leon Dyngeland. Barnekoret vert med.

Filmkveldar om Apostelgjerningane

v/ Kørner Høje kl. 19.30. Ein annleis måte å forkynna Guds ord på. Dette er framhald av kveldane me hadde i haust.
onsdag 27. januar onsdag 24. februar
torsdag 18. mars onsdag. 21. april

Møter i Skjold

Ersland Bedehus:

7.2. Søndagsskule kl. 11.00
11.2., Bønemøte
15.2. Yngres kl 19.00
23.2. NMS Misjonsselskapet
25.2. Bønemøte
1.3. Yngres kl 19.00
7.3. Søndagsskule kl. 11.00
11.3. Bønemøte
15.3. Yngres kl 19.00
16.3. Indre Sømnnsmisjon
21.3. Søndagsskule kl. 11.00
25.3. Bønemøte

Austrheim Bedehus:

7.2. Søndagsskule kl. 11.00
9.2., Samemisjonen
2.3. NMS Misjonsselskapet
7.3. Søndagsskule kl. 11.00
12.3. Basar
21.3. Søndagsskule kl. 11.00
23.3. Indre Sømnnsmisjon

Isvik Bedehus:

16.2., Samemisjonen
12.3. Basar og Årsmøte
26.3. Basar Husfreden

Vats kyrkje

Lovsongskveld 14. febr. kl. 19:00
Tema: Kjærleik. Song av Feedback m.fl.
Arr.: G17

GRAVSTEIN



Se vår
store
utstilling,
eller ring
og be om
katalog.

Se også vår hjemmeside:

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Årabrotsvn. 21, Kvala

Tlf. 52 70 42 90

ÅPNINGSTIDER:

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30.
Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

	Vikedal prestegjeld	Skjold prestegjeld	Ølen prestegjeld
7. februar Kristi forklæringsdag Joh 17,1-8	Imsland kl. 11.00 Dåp. Nattverd Takkoffer:	Vats kl. 17.00 Generasjonsgudsteneste Nattverd Takkoffer: Israelsmisjonen Kyrkjekaffi	Bjoa kl. 11.00 Familiegudsteneste. Utdeling av biblar 5. klasse. Takkoffer.
14. februar Sundag før faste Joh 12,24-33	Vikedal kl. 16.00 Nattverd Takkoffer: Normisjon	Skjold kl. 11.00 Nattverd Barnas kyrkjestund Takkoffer: Dei 4-diakoni institusjonane Kyrkjekaffi	Ølen kl. 11.00 Gudsteneste. Dåp. Takkoffer Kyrkjelyden sitt årsmøte etter gudstenesta.
21. februar 1.sundag i faste Job 2, 1-10	Sandeid kl. 11.00 Dåp. Nattverd Takkoffer: Hospice Lovisenberg	Vats kl. 11.00 Nattverd Takkoffer: Familie og media	Vikebygd kl. 19.00 Gudsteneste. Dåp. Takkoffer.
28. februar 2.sundag i faste Luk 7, 36-50	Vikedal kl. 11.00 Nattverd Takkoffer: Kristent innvandrarbeid	Skjold kl. 11.00 Nattverd Takkoffer: Evangeliesenteret	Ølen kl. 19.30 Kveldsgudsteneste med nattverd. Takkoffer
7. mars 3.sundag i faste Luk 4, 31-37	Imsland kl. 11.00 Familiegudsteneste Takkoffer:	Vats kl. 11.00 Generasjonsgudsteneste Nattverd Barnas kyrkjestund Takkoffer: Barne og Ungdomsarbeidet Kyrkjekaffi	Bjoa kl. 11.00 Høgmesse. Nattverd. Takkoffer.
14. mars 4.sundag i faste Joh 6, 24-36	Vikedal kl. 11.00 Familiegudsteneste Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Skjold kl. 17.00 G-17 Gudsteneste Nattverd Jungelbarna Takkoffer: KNs fasteaksjon Kveldsmat	Ølen kl. 11.00 Høgmesse. Dåp. Nattverd. Takkoffer:
21. mars Maria Bodskapsdag Salme 113	Eintveit, Åkrafjorden kl. 11.00: Familiegudsteneste i høve konfirmantleir. Sandeid kl. 16.00 Familiegudsteneste Tripp Trapp utdeling for 3-åringane Takkoffer: Feedback	Vats kl. 11.00 Nattverd Takkoffer: KNs fasteaksjon Kyrkjekaffi	Vikebygd kl. 11.00 Høgmesse. Nattverd. Takkoffer Kyrkjelyden sitt årsmøte etter gudstenesta.
28. mars Palmesøndag Joh 12, 12 - 24	Vikedal kl 10.00 Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til Menighets- fakultet.	Vats kl. 11.00 Familiegudsteneste. Takkoffer til søndagskulekrinsen Kyrkjekaffi	Ølen kl. 12.00 Friluftsgudsteneste ved parkeringsplassen Opheim(Olalia) Takkoffer.

**HVORDAN
HAR DU DET**
egentlig?



Kirkens SOS
815 33 300

ET MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST



Neste nr av Hyrdingen kjem ut
25. mars 2010. Stoff kan sendast til
Hyrdingen, Rådhuset 5580 Ølen
E-post: [hyrdingen.kyrkjebladet@
vindafjord.kommune.no](mailto:hyrdingen.kyrkjebladet@vindafjord.kommune.no)

Frist for innlevering av stoff:
6. mars 2010

“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)